



Husreglar for intern bruk av Kaupanger IL sitt klubbhus

1. KIL leverer ut nøklar jamfør gruppene sine behov. Dette vert styrt etter organisasjonskartet og dei einskilde styra i undergruppene. Den som signerer for nøkkelen er ansvarleg for den. Den som låser opp klubbhuset, garderobar og toalett ved trening, møter, arrangement er ansvarleg for at kjøkken, møterom, garderobar og toalett ser presentabelt ut etter bruk, og for at alle dører vert låst etter bruk. Manglande innlevering av nøkkel ved endt periode tillitsverv vert fakturert med kroner 300,-
2. Handicapttoalett nede i underetasjen kan brukast under trening.
3. Etter kampar på Kaupanger idrettspark skal det ikkje ligge utstyr att ute eller inne. Alt utstyr skal ryddast til henvist plass.
4. Ved bruk av vaskemaskin, skal drakter/vestar hengast opp så fort det let seg gjera.
5. Ved uformelle møter skal møtedeltakarar vaske opp koppar/glas etter bruk. Oppvaskmaskina brukar svært kort tid!
6. Det er ikkje høve til å ta bord, stolar eller anna lausøyre ut frå klubbhuset for å låne med seg heim eller liknande.
7. Sjå til at klubbhuset ser slik ut når du forlet det, som du skulle ønskje at det såg ut når du kom. Rydd på plass stolar/bord, kost golvet og vask etter deg dersom behov. Kast boss.
8. Torsdagsklubben gjennomfører normal vask og tømmer bossbøtter i bygget og set det i kjellaren (I fotballsesong 1g/veke). I tillegg vert bygget vaska etter utleige eller andre arrangement.
9. Gruppene har ansvar for å lagre sitt eige utstyr på henvist plass.
10. Det er ikkje høve til å overnatte i klubbhuset, bygget er ikkje tillaga til dette jamfør brannforskriftene som gjeld ved overnatting.
11. Brot på retningslinjer fører til restriksjonar på bruk av anlegget.

Booking av klubbhuset: Møterom, Storsal, Garderobar og Baner utanom oppsette treningstider og kampar skjer gjennom kalendrar på www.kaupangerfotball.no. Ta kontakt med Husvert ved spørsmål.